

Reknes Byggjeverer LI  
Masfjordvegen 187  
5986 HOSTELAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/5838 - 21/59009

Saksbehandlar:  
Josep Gayrbekov  
josep.gayrbekov@alver.kommune.no

Dato:  
10.09.2021

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 5/1 Dyrdal

Tiltak: Driftsbygning  
Byggjestad: Gbnr: 5/1  
Tiltakshavar: Siren Stall  
Ansvarleg søkjar: Reknes Byggjeverer LI

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 22.06.2021.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Tiltakshavar ber om fritak frå kravet om en geologisk vurdering av risiko for naturfare. Det er i søknaden lagt til grunn at oppføring av einebustad i 2017/2018 var dette problemfritt.

Kommunen må vurdere eitkvart tiltak ut i frå den gjeldande kommuneplan og plan- og bygningsloven med tilhøyrande forskrift. Vi kan ikkje sjå at det gjerast rom for slikt unntak i kommuneplanens pkt. 4.1.3 eller plan- og bygningslova §§ 28-1 og 29-5. Det er naudsynt med dokumentasjon frå fagkyndig som syner at tiltaket stettar krava i plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrift.

Kommunen ber om at tilleggsmålingar vert sendt inn samla innan **22. oktober 2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Josep Gayrbekov  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Reknes Byggjevarer LI	Masfjordvegen 187	5986	HOSTELAND
Sigve Hindenes	Austfjordvegen 373	5993	OSTEREIDET
Siren Stall	Austfjordvegen 373	5993	OSTEREIDET